

KOMM. OG REG. DEP

30 JAN 2006

05/3280-68

Ark. 600.0

Avd. KO / KØ / HER

ULLENSVANG HERAD



Det kgl. kommunal-og regionaldepartement

Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.

05/931-4

Arkiv

N-100/

Dato:

27.01.2006

Inntektssystemet for kommuner og fylkeskommuner

Me viser til brev frå departementet av 11. oktober 2005 der NOU 2005:18 vart sendt ut på høyring. Formannskapet i Ullensvang herad handsama saka i møte den 24. januar saman med Kommunenes Sentralforbund si KOU 2005:1 Egne inntekter for kommunene. Formannskapet har gitt slik fråsegn:

Inntektssystemutvalet si tilråding:

Ullensvang herad støttar i all hovudsak konklusjonane i NOU 2005:18 om endring i inntektssystemet for kommunar. Ullensvang ser særleg positivt på følgjande forslag:

- ✓ Eit nytt distriktpolitisk tilskot slik at også andre kommunar enn i dag, og som har store distriktpolitiske utfordringar, får slikt tilskot
- ✓ Prognosebasert inntektsutjamning, slik at endra nivå på dei samla skatteinntektene i landet gjennom året i høve til det som er lagt til grunn i statsbudsjettet, vert eliminert
- ✓ Avvikling av ordninga med oppdaterte folketal i utgiftsutjamninga
- ✓ Inntektsgarantitilskot til erstatning for dagens overgangsordning. Heradet ber likevel om at det vert vurdert å setja grensa lågare enn kr 400 pr. innbyggjar.

Ullensvang herad støttar også utvalet sine vurderingar om at

- ✓ Eigedomsskatt og kraftinntekter ikkje må takast med i systemet for inntektsutjamning
- ✓ Avgrensa bruk av øyemerka tilskot ved framtidige statlege satsingar, men at ein heller brukar rammetilskot om nødvendig kombinert med juridiske verkemiddel brukt på ein fleksibel måte
- ✓ Inntektssystemet i seg sjølv ikkje skal ha verkemiddel som fremjar kommunesamanslåingar.

Inntektssystemet må ha ei ordning som motverkar bortfallet av skatteinntekter og rammetilskot som er ein følge av større nedgang i folketalet over tid. Dette kan t.d. takast inn i kriteria ved tildeling av skjønstilskot, jamfør ordninga som er skissert for vekstkommunane sine meirkostnader. Slik systemet verkar, vil ein kommune der folketalet har gått ned gjennom fleire år koma inn i ein "vond sirkel" ved at bortfallet av inntekter svekkjer kommunen sin evne til å oppretthalda tenestetilbodet og å setja inn mottiltak mot folketalnedgangen.



Hardanger

Postadr.:
5780 KINSARVIK

Telefon:
53 67 15 00

Telefaks:
53 67 15 01

Bankgiro:
3450.19.70400

E post:
postmottak@ullensvang.herad.no

KS-utvalet si tilråding

Ullensvang herad

- ✓ går sterkt i mot forslaget om at kommunane skal få fastsetja skattøyren sjølv og trur bl.a. dette vil vera ein ulempe for skattesvake kommunar
- ✓ støttar forslaget om eigedomsskatt og vil særleg påpeika at gjeldande lovverk må gåast gjennom og oppdaterast
- ✓ ser liten grunn til å utgreia endringar i systemet for VAR-tenestene

Utskrift frå møtet i formannskapet er lagt ved.

Med helsing
Ullensvang herad


Solfid Borge
ordfører


Magnús Mjør
rådmann

Sakshandsamar sin tlf: 53 67 15 85
Sakshandsamar si e-postadr.: haakon.gronsdal@ullensvang.herad.no

Ullensvang herad

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, del. vedtaksmynde.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	24.01.2006	019/06	HGRO

Endeleg vedtak i: Formannskapet	Arkiv: N-100	Arkivsaknr
Saksansv.: Håkon Grønsdal	Objekt:	05/931

INNTAKTSSYSTEMET FOR KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	28.10.2005	Det kgl. kommunal-og regionaldepartement	Høyring - Nou 2005 Fordeling, forenkling, forbedring - Inntektssystemet for kommuner og fylkeskommuner
3	I	16.11.2005	KS	Høyring - Kommunal offentleg utredning - KOU 2005:1 Eigne inntekter for kommunane

Ullensvang herad sine fråsegner til endringa i inntektssystemet i 1997 (Rattsøutvalet):

- ✓ Plan- og næringsutvalet i møte 30.01.1996 sak 12/96, fråsegn til "Rattsø I"
- ✓ Notat av 16.05.1997, fråsegn til "Rattsø II"

Vedlegg:

- Utdrag av NOU 2005:18 "Fordeling, forenkling, forbedring" om endringar i inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar
- Utdrag av KOU 2005:1 frå KS "Eigne inntekter for kommunane"
- Fråsegnene frå heradet frå 1996-97

Saksutgreiing og vurdering:

Innleiing og bakgrunn

Inntektssystemet er eit system for fordeling av statleg rammetilskot for kommunar og fylkeskommunar. Systemet vart innført i 1986 og avløyste ei rekkje enkelttilskot frå staten. Systemet har vore revidert i fleire omgangar, den siste store omlegginga var i 1997. Men det har også seinare vore gjennomført fleire vesentlege endringar. Ved kongeleg resolusjon 03.10.2003 vart det oppnemnt eit offentleg utval for å gjennomgå og evaluera inntektssystemet, det såkalla Inntektssystemutvalet eller Borge-utvalet etter namnet til utvalsleiaren professor Lars-Erik Borge. Utvalet si innstilling er sendt på høyring til bl.a. alle kommunar og fylkeskommunar med frist 1. februar 2006.

Samstundes har Kommunenes Sentralforbund (KS) laga ei utgreiing KOU 2005:1 "Eigne inntekter for kommunane" som dei ber om at kommunane drøftar og kjem med innspel til. Utgreiinga har framlegg om korleis kommunane kan få større ansvar for finansieringa gjennom bl.a. å sjølv fastsetja skattøyren. KS føreslår at kommunane ser begge utgreiingane i samanheng.

NOU 2005:18 er på 500 sider, medan KS si utgreiing er på 70 sider. Som vedlegg til denne saka er det difor berre sendt ut kopi av samandraga, og i saksførelegget har ein berre kunna koma inn på dei viktigaste framlegga. Utgreiingane finn ein også på nettet på heimesidene til Kommunal- og regiondepartementet og KS, www.krd.no og www.ks.no.

Inntektssystemet fordeler det statlege rammetilskotet og utjamnar ulike skattenivå mellom kommunane, og er difor ei svært viktig sak. Heradet bør gje fråsegner til begge utgreiingane. Sjølv om det ligg ti år attende i tid, har det interesse å sjå på kva fråsegner Ullensvang herad gav til dei føreslegne endringane i inntektssystemet den gong.

Inntektssystemutvalet sine framlegg

Hovudpunkta i utvalet sine framlegg er følgjande:

1. Ny kostnadsnøkkel
2. Prognosebasert inntektsutjamning
3. Nytt distriktpolitisk tilskot
4. Avvikling av ordninga med oppdaterte folketal i utgiftsutjamninga
5. Redusert skjønstilskot med meir avgrensa føremål
6. Inntektsgarantitilskot til erstatning for dagens overgangsordning
7. Kommunalt finansieringsansvar for frittstående grunnskular; avvikling av korreksjons- og trekkordninga

I tillegg drøftar utvalet mange tilhøve som er viktige, blant anna

- ✓ Kva som skal telja med som grunnlag i inntektsutjamninga
- ✓ Finansiering av framtidige statlege "satsingar"
- ✓ Om inntektssystemet skal ha verkemiddel for å få til friviljuge kommunesamanslåingar.

I utgreiinga er det presentert fordelingsverknader av framlegga, men det er presisert at den berekna systemverknaden i høve dagens system ikkje gir uttrykk for den faktiske endringa i tilskot til den enkelte kommunen på det tidspunktet forslaga ev. vert gjennomførde. For kommunane i Hardanger er presentert slike tal i 1000 kroner pr. innbyggjar (endring i høve 2005):

	Distriktpol. tilskot (1)	Ny kostnadsnøkkel (2)	Finansiering av innt. gar. (3)	Sum (4)	Folketal 01.01.2005 (5)
Jondal	-950	883	-161	-228	1 078
Odda	0	985	-161	824	7 378
Ullensvang	1 675	930	-161	2 444	3 517
Eidfjord	0	2 071	-161	1 910	914
Ulvik	0	1 753	-161	1 592	1 163
Granvin	-1 072	3 263	-161	2 030	1 008
Kvam	0	603	-161	442	8 334

Etter dette kjem altså dei fleste kommunane i Hardanger godt ut, og for Ullensvang er det berre fem kommunar i landet som har høgare tal. For vår kommune utgjer det samla beløpet 8,5 millionar i auka nivå på rammetilskotet.

Det kan vera grunn til å gjera merksam på at framtidige endringar i folketalet vil gje stort utslag både i systemet som gjeld og med dei føreslegne endringane – og særleg talet på eldre. Det ligg føre prognosar frå SSB for folketalsutviklinga i Ullensvang der både det samla folketalet og talet på eldre personar viser nedgang. Skulle desse prognosane slå til, vil heradet

sine inntekter fram mot 2010 bli redusert med om lag like stort beløp som den meirinntekta endringa av inntektssystemet vil gje etter framlegget som ligg føre.

Litt meir om dei enkelte elementa i forslaget:

1. Ny kostnadsnøkkel:

Denne delen av utgreiinga har ein ikkje gått nærare inn på, men det er grunn til å merka seg at alle kommunane i Hardanger kjem godt ut av endra kostnadsnøklar.

2. Prognosebasert inntektsutjamning.

Forslag om at ein i staden for å byggja utjamninga av skatteinntektene på den faktiske skatteinngangen i landet som i dag, skal ta utgangspunkt i *prognosar* for utviklinga i skatteinntektene som vert fastsett av staten på førehand. Dette vil redusera uvissa kring utviklinga gjennom året av inntektene frå skatt og rammetilskot og vera ein form for "inntektsgaranti", men vil også gje kommunane mindre i gode skatteår enn dei elles ville fått. Over tid vil det likevel jamna seg ut, fordi staten i alle fall syter for å halda kommunane sine samla inntekter innan dei rammer dei ønskjer.

3. Nytt distriktpolitisk tilskot.

Dagens regiontilskot til små kommunar og Nord-Noreg tilskot vert erstatta av eit nytt tilskot, der også andre kommunar som har store distriktpolitiske utfordringar vil få tilskot fastsett etter bestemte kriterium. Ullensvang er ein av relativt få nye kommunar som vil få slikt tilskot, og dette er ein av hovudgrunnane til at heradet kjem så godt ut i framlegget (kr 1 675 pr. innbyggjar tilsvarande nær 6 millionar).

4. Avvikling av ordninga med oppdaterte folketal i utgiftsutjamninga.

Dei siste åra har oppdaterte folketal vore nytta, og kommunane har fått reviderte tal for årets rammetilskot ut på vårparten etter at data for nye folketal ligg føre. Endringane for ein enkelt kommune kan vera relativt store etter systemet som gjeld i dag. Omlegginga er ein fordel for kommunar med endringar i folketalet som gir lågare rammetilskot, fordi endringane vil slå inn eitt år seinare enn etter ordninga som gjeld no.

5. Redusert skjønstilskot.

Føremålet med skjønsmidlane skal avgrensast i høve til i dag, først og fremst ved at regionalpolitiske omsyn og kompensasjon til kommunar som tapar på endringar som vert gjennomført i inntektssystemet vert løfta ut av skjønstilskotet og over til fordeling etter faste kriterium.

6. Inntektsgarantitilskot.

Eit nytt inntektsgarantitilskot skal erstatta dagens kompliserte overgangsordningar. Ingen kommune skal få minka sitt tilskot frå eitt år til neste med meir enn kr 400 pr. innbyggjar i høve den gjennomsnittlege endringa for alle kommunar i landet. Tilsvarar 1,4 millionar for Ullensvang.

7. Kommunalt finansieringsansvar for frittstående grunnskular.

Ikkje av særleg interesse for Ullensvang.

Utvalet drøftar også om andre element enn skatt på formue og inntekt og naturressursskatt skal telja med i grunnlaget for inntektsutjamninga. Eigedomsskatt og kraftinntekter som ikkje er med i dag er vurdert, men det er ikkje framlegg om endringar.

Av andre punkt som er drøfta er korleis staten i framtida bør finansiera statlege satsingar i kommunane, av typen utbygging av barnehagar, eldreomsorg og psykiatri. Utvalet rår frå bruk av øymerka tilskot, men at staten i staden nyttar rammefinansiering om nødvendig kombinert med juridiske verkemiddel (pålegg om minstestandard, lov og forskrifter).

Vidare kjem utvalet inn på om og i tilfelle korleis inntektssystemet skal kunna stimulera til friviljuge kommunesamanslåingar, dersom dette skulle vera ønskjeleg frå staten si side. Utvalet drøftar korleis moglege verkemiddel kan utformast, men har ikkje forslag om dette.

KS-utgreiinga

Fleirtalet i utvalet sine tilrådingar er følgjande:

- Kommunane får fridom til å auka eller redusera skattøyren for inntektsskatten med inntil to øre kvar veg.
- Skatteutjamninga mellom kommunar vert føreteke i høve til ein normsats basert på dagen skattesats i kommunane.
- Eigedomsskatten vert oppretthalden som ein friviljug skatt som ikkje lenger er avgrensa til strok utbygde på byvis.
- Naturressursskatten kan utvidast til industriell bruk av andre ressursar, t.d. vindkraft og oppdrett.
- For VAR-tenester (vatn, avløp og renovasjon) bør det utgreiast nærare om sjølvkostprinsippet kan erstattast av lokalt tilpassa normer.
- Det bør opnast for forsøk med større fridom. Dette stiller krav til forsøkslova.

Vurdering:

Inntektssystemutvalet si tilråding har etter rådmannen sitt syn mange gode endringsforslag, og slår også svært positiv ut både for Ullensvang og dei fleste andre kommunane i Hardanger. Heradet bør difor støtta forslaget. Me føreslår likevel at heradet strekar under dei negative verknadene av nedgang i folketalet og at det bør finnast mekanismar i systemet som motverkar dette. Vidare at det bør vurderast om beløpsgrensa for inntektsgarantitilskotet kan setjast lågare.

KS-utvalet sine tilrådingar:

At kommunane skal kunna fastsetja eigen skattøyre innanfor visse grenser kan høyrast interessant ut. Men me ser mange motargument, og me trur ei slik ordning vil vera ein klar ulempe for skattesvake kommunar som Ullensvang og andre distriktskommunar. Forslaget som gjeld eigedomsskatt er positivt, i alle høve er det all grunn til å støtta ein gjennomgang og modernisering av eigedomsskattelova. Vår røynsle med dagens sjølvkostopplegg for VAR-tenestene er gode og me ser liten grunn til å utgreia endringar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Inntektssystemutvalet si tilråding:

Ullensvang herad støttar i all hovudsak konklusjonane i NOU 2005:18 om endring i inntektssystemet for kommunar. Ullensvang ser særleg positivt på følgjande forslag:

- ✓ Eit nytt distriktpolitisk tilskot slik at også andre kommunar enn i dag, og som har store distriktpolitiske utfordringar, får slikt tilskot

- ✓ Prognosebasert inntektsutjamning, slik at endra nivå på dei samla skatteinntektene i landet gjennom året i høve til det som er lagt til grunn i statsbudsjettet, vert eliminert
- ✓ Avvikling av ordninga med oppdaterte folketal i utgiftsutjamninga
- ✓ Inntektsgarantitilskot til erstatning for dagens overgangsordning. Heradet ber likevel om at det vert vurdert å setja grensa lågare enn kr 400 pr. innbyggjar.

Ullensvang herad støttar også utvalet sine vurderingar om at

- ✓ Eigedomsskatt og kraftinntekter ikkje må takast med i systemet for inntektsutjamning
- ✓ Avgrensa bruk av øyremarka tilskot ved framtidige statlege satsingar, men at ein heller brukar rammetilskot om nødvendig kombinert med juridiske verkemiddel brukt på ein fleksibel måte
- ✓ Inntektssystemet i seg sjølv ikkje skal ha verkemiddel som fremjar kommunesamanslåingar.

Inntektssystemet må ha ei ordning som motverkar bortfallet av skatteinntekter og rammetilskot som er ein følge av større nedgang i folketalet over tid. Dette kan t.d. takast inn i kriteria ved tildeling av skjønstilskot, jamfør ordninga som er skissert for vekstkommunane sine meirkostnader. Slik systemet verkar, vil ein kommune der folketalet har gått ned gjennom fleire år koma inn i ein "vond sirkel" ved at bortfallet av inntekter svekkjer kommunen sin evne til å oppretthalda tenestetilbodet og å setja inn mottiltak mot folketalnedgangen.

KS-utvalet si tilråding

Ullensvang herad

- ✓ går sterkt i mot forslaget om at kommunane skal få fastsetja skattøyren sjølv og trur bl.a. dette vil verå ein uløpø for skattesvake kommunar
- ✓ støttar forslaget om eigedomsskatt og vil særleg påpeika at gjeldande lovverk må gåast gjennom og oppdaterast
- ✓ ser liten grunn til å utgreia endringar i systemet for VAR-tenestene

24.01.2006 FORMANNSKAPET

Framlegg frå Einar Lutro (H):

Setning i andre avsnitt "Inntektssystemet i seg sjølv ikkje skal ha verkemiddel som fremjar kommunesamanslåingar" går ut.

Røysting:

Framlegget frå Einar Lutro (H) vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg. Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 5 røyster. Framlegget frå Einar Lutro (H) fekk 4 røyster.

Etter dette er formannskapet sitt vedtak i samsvar med rådmannen sitt framlegg.